

# Rapport spørjeundersøking leseleiarar

Etter avslutta prosjekt 2019–2022

Litterære pusterom – Shared Reading for større livskvalitet



Trøndelag fylkeskommune  
Trööndelagen fylhkentjfelte

Sparebankstiftelsen  
SMN



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## Innhald

Litterære pusterom – Shared Reading for større livskvalitet.....	1
Innhald.....	2
1. Formål.....	3
2. Gjennomføring .....	3
3. Gjennomgang av resultata .....	3
Lesestunder .....	4
Kommunar.....	5
Arenaer.....	6
Målgrupper.....	6
Sagt av deltakarar på lesestunder .....	7
Leseleiaren si oppleving av Shared Reading.....	8
Planar framover som leseleiar.....	9
Hjelp frå fylkeskommunane .....	10
Noko meir? .....	11
4. Informasjon om prosjektet på Trøndelag fylkesbibliotek si nettside.....	12

## 1. Formål

«Litterære pusterom – Shared Reading for større livskvalitet» gjekk føre seg i åra 2019–2022, som eit samarbeid mellom Trøndelag fylkesbibliotek ved prosjektleiar Kari Hortman og seksjon for arkiv, bibliotek og museum i Møre og Romsdal fylkeskommune ved prosjektmedarbeidar Åshild Widerøe.

Etter avslutta prosjekt er det gjennomført ei spørjeundersøking blant dei som har deltatt på leseleiar kurs i regi av prosjektet. Formålet med spørjeundersøkinga er å utvide kunnskapsgrunnlaget for evalueringa av prosjektet i samarbeid med Sparebankstiftelsen SMN, og for det vidare arbeidet med Shared Reading i dei to fylkeskommunane og nasjonalt.

Målgruppa for spørjeundersøkinga er leseleiarar som er blitt sertifiserte gjennom prosjektet. Dei aller fleste av desse er busette i Møre og Romsdal eller Trøndelag.

## 2. Gjennomføring

Vi gjennomførte spørjeundersøkinga digitalt i Forms. Invitasjon til å delta i spørjeundersøkinga vart sendt til e-postlista over leseleiarar 12.01.2023. Svara kom inn i perioden 12.01.–07.03.2023.

Det var til saman 106 personar som svarte på spørjeundersøkinga.


## 3. Gjennomgang av resultatata

I denne rapporten går vi gjennom svara leseleiarane gav på spørsmåla vi stilte i undersøkinga. Først i skjemaet la dei inn namn og e-postadresse, men svara er anonymiserte i denne rapporten. Vi stilte ni spørsmål av ulik karakter, og berre det første var obligatorisk å svare på om ein skulle gå vidare i spørjeundersøkinga og sende inn skjemaet.

## Lesestunder

### Spørsmål

*Har du gjennomført ei eller fleire lesestunder etter kurset? Kryss av på dei alternativa som passar.*



Svara her viser at 79 av dei som svarar, eller 75 prosent, har hatt minst ei lesestund, altså har tatt i bruk Shared Reading etter kurset. Av desse igjen har 36 jamlege lesestunder.

Med dei andre svaralternativa prøver vi å fange opp kva grunnar det er til at sertifiserte leseleiarar ikkje har lesestunder. Sjølv om dei har starta opp som leseleiar, så kan dei likevel ha opplevd å måtte avlyse fordi ingen kom eller av andre grunnar, og andre igjen kan ha tatt initiativ, men likevel ikkje hatt lesestunder i det heile. For dei som ikkje har starta opp, opplever eit par av dei at det er vanskeleg å få samarbeidspartnarar. Av svar i «Annet»-feltet går det fram at kompetansen som leseleiar er brukt inn i forskingsprosjekt, at ein har leigt inn ein annan leseleiar til å ha lesestunder, og at ein har deltatt i lesestunder der ein annan leseleiar har hatt ansvar for lesestundene. Nokre svar i dette feltet er utfyllande informasjon, som kva slags litteratur dei les og for kven, og at nokre ikkje har kome i gang på grunn av sjukdom eller graviditet.


Tida for prosjektet har i lange periodar vore prega av pandemien, og det kan vere greitt å hugse på når vi vurderer svara.

## Kommunar

### Spørsmål

*I kva kommune eller kommunar har du i tilfelle hatt lesestund?*

Svara her viser at Shared Reading er tatt i bruk i 16 av 26 kommunar i Møre og Romsdal, og i 26 av i alt 38 kommunar i Trøndelag, slik kartet under viser.



Nokre av leseleiarane har tatt med seg metoden til andre fylke – Innlandet, Oslo, Troms og Finnmark og Vestland – i tillegg til at nokre har digitale lesestunder.

## Arenaer

### Spørsmål

*Kor har du i tilfelle hatt lesestund? (F.eks. bibliotek, skole, eldreinstitusjon, utandørs, kafé?)*

Vi har gitt eksempel på type arenaer, men vi ønsker å fange opp alle slags arenaer der innbyggerane får oppleve Shared Reading. Difor kan leseleiarane her skrive svaret sitt i eit ope tekstfelt. Mange har dessutan hatt lesestunder på fleire ulike arenaer.

60 har svart bibliotek, først og fremst folkebibliotek, men også grunnskole-, vgs- og høgskole-/universitetsbibliotek er nemnt. I alt 22 leseleiarar svarar at dei har hatt lesestund på skolar, 17 oppgir eldreinstitusjonar eller dagsenter, seks arenaer knytt til arbeid med psykisk helse, sju har hatt lesestund på frivilligsentralar, tre digitalt og ti i private heimar eller for kollegaer på arbeidsplassen. 13 har oppgitt også andre arenaer eller samanhengar, som bokhandel, festival, hotell, humanistisk konfirmasjon, kafé, kulturetaten i ein kommune, kurs, kyrkja og kyrkjeakademi, museum og UKM (Ung Kultur Møtest).

## Målgrupper

### Spørsmål

*Kven les/las du for? Kryss av på dei alternativa som passar.*

● Vaksne	68
● Eldre i institusjon	11
● Ungdom	19
● Barn	7
● Annet	6



I «Annet»-feltet er desse målgruppene oppgitt: vaksne med funksjonsnedsetting, studentar, framandspråklege og personar som er hardt ramma av demens.

## Sagt av deltakarar på lesestunder

### Spørsmål

*Har deltakarar på lesestunder hatt kommentarar til det å oppleve Shared Reading, som du vil dele med oss?*

66 av leseleiarane svarar på dette spørsmålet, og svara viser i det store og det heile at dei har fått positiv respons frå deltakarane i lesestundene. I alt 79 har gjennomført minst ei lesestund, jf. punktet Lesestunder. Kvifor dei siste 13 ikkje har svart på dette spørsmålet, veit vi ikkje. Kanskje det kan ha å gjere med at «[d]et er vanskelig å huske noe konkret [...]», som ein av dei som har svart skriv. Vedkomande held fram: «men jeg har inntrykk av at de setter pris på både det å bli lest for, og det å kunne snakke om og reflektere rundt temaene som blir tatt opp. Jeg velger bevisst litteratur de kan relatere seg til på en eller annen måte». Ein annan skriv at det er «[s]tort sett godt mottatt, men det var få deltakere». Her er eit utval av dei andre svara:

- Ein student sa: «Dette var ein fin og annleis måte å bli kjent med andre på». Mange trekk fram at det gir ro til undring, opplevast fritt og romsleg, likeverdig, og at det gir nye perspektiv å oppleve teksten gjennom, og at litteraturen vi les blir rikare av det. Mange deler opplevingar om å bli betre kjent meg seg sjølv og med andre.
- Alle er veldig positive, og trekker frem det at det er et pusterom, en anledning til å prioritere seg selv, godt fellesskap og gir energi.
- «Dette er det deiligaste eg har opplevd». «Det er veldig kjekt å vere fleire generasjonar i lag». «Eg trudde eg hadde fasiten på kva dette handla om, og so vart det heilt annleis». «Eg har fått meir leselyst».
- Fått kommentarar om at det er fint å dele en opplevelse sammen, godt utgangspunkt for en prat om de viktige tingene i livet. Får også kommentarar fra de som trodde de ikke skulle få noe ut av teksten, men at samtalen etterpå gav de mye, selv om de kanskje lyttet mest.
- Ja, kvar gong. På sjukeheim/ omsorgsbolig har det vore mest at dei har gitt uttrykk for at det er godt å bli lest for. Og snakkar om teksta i dagane etterpå.
- Jeg har hatt jevnlig åpne lesestunder i ca. ett år. Mange av deltakerne kommer igjen og igjen, og jeg har fått veldig mange positive tilbakemeldinger. Gjennomgående beskriver deltakerne det som en meningsfylt og positiv opplevelse.
- «Litterært pusterom på søndags formiddager: Lærerikt, sosialt og ikke minst veldig fin og koselig måte å tilbringe et par timer på 😊. Man senker skuldrene og bare nyter å lytte og bli lest til. Diskusjonene etterpå gir mange interessante og forskjellige aha-opplevelser og assosiasjoner. Anbefales ❤️»
- Det var anderledes og litt godt at dei ikkje skulle bli vurdert.
- For en opplevelse for så ulike folk som vi var i gruppa
- Jeg har praktisert dette på en litt annen måte enn på kurset. Kun ei bok, eller utdrag av ei bok. Elevene liker det svært godt!
- Det kom fem stk. Alle kom med spontane positive tilbakemeldinger i etterkant. De melder om at det er utviklende, åpner opp for refleksjon, gir en god følelse, inkluderende, bærer med seg andres refleksjoner lenge etterpå. Litteraturen blir sekundær.
- Deltakarane tykte det var ei fin lesestund. Opne samtalar og dei ulike temaa i tekstene var både interessant og utfordrande.
- Positive tilbakemeldinger fra 9. trinnet som deltok

## Leseleiarar si oppleving av Shared Reading

### Spørsmål

*Vil du dele ei setning eller to om korleis du opplever Shared Reading?*

På dette spørsmålet svarte 81 leseleiarar, altså 76 prosent av alle som har svart på undersøkinga. Ein skriv at det var «litt nervepirrande første gongen. Ei nydeleg ro, nesten som ei heilag stund. Veldig stas. Og den kjensla eg hadde fyrste gongen eg las om Shared reading, at dette trur eg er noko eg kan trivast med, stemmer». Svara inneheld mykje refleksjon rundt kva metoden kan gjere i møte med menneske, noko også dette utvalet viser:

- Synes det er veldig positivt at det er en aktivitet der alle aldersgrupper kan være sammen på likt nivå. Alle har ulike erfaringer som skaper refleksjoner, og ingen kan påberope seg svaret. Shared reading er like givende for deg som leseleder som for deltakerne, noe som gir motivasjon for å fortsette.
- Jeg har veldig tro på denne formen for arrangement, nettopp fordi det er rolig i en travel tid. Jeg har hatt lesestunder på dagtid for pensjonister, og det har fungert veldig bra.
- Dette er en utrolig spennende metode som er så enkel å gjennomføre! Det å snakke med andre mennesker gjennom litterære tekster løfter samtalen opp på et nivå der vi lettere åpner opp. Jeg opplevde at deltakerne fikk godt utbytte av lesestundene både rent litterært og på et personlig plan.
- På avdelingene jeg er på opplever jeg Shared reading som krevende for meg. Gir mye av meg selv (sånn jeg er), men føler også at det gir mye til dem som er i gruppen. Små blikk, latter og små ord. Når jeg er ferdig er jeg svært glad og fornøyd. Forbereder meg utrolig før den dagen. Vi er veldig ulike som leseombud og det er jo bra. Lærer av hverandre. Jeg er den eneste som har tatt kurset.
- Å vere leseleiar opplevast givande, meiningsfullt, og veldig naturleg. Eg opplever det som ein utruleg fin måte å snakke om viktige eksistensielle tematikkar som alle menneske kan kjenne seg att i. Det gir meg håp og tru på viktigheita av å gjere ting saman og å få innblikk i andre sine tankar og opplevingar gjennom dialog og fellesskap.
- Det er en avkobling i hverdagen min også. Det tar tid og er litt utfordrende å finne tekster, vanskelig å føle seg trygg på at man har valgt noe som passer og som det går an å snakke om, skulle ønske meg en større "bank", at noen har laget det for oss, med tips om spørsmål og refleksjoner. Altså flere hefter ala det ene som er utgitt.
- Det krevde endel å sette seg godt inn i tekstene, og ikke minst lede ei gruppe som besto av svært ulike individer. Men det er verdt det! Jeg synes det var moro og meningsfylt å legge til rette så andre fikk komme frem med det teksten berørte i dem.
- Å gjøre noe som betyr noe for andre.
- Det er en nøkkel til menneskenes indre liv.
- Ein annan skriv at «det er fint å vere leseleiar, men det kan vere vanskeleg å møte menneske i møte med tekst».
- Fint å lage eit rom for oppleving og refleksjon. Interessant å høyre ulike opplevingar med same tekst.
- Veldig inspirerende og tankevekkende sett i lys av kraften som ligger i litteraturen som «samtalestarter».



## Planar framover som leseleiar

### Spørsmål

*Kva planar har du vidare med Shared Reading?*

Mange planlegg å halde fram med ei eller to lesestunder fast i månaden. Fleire ønsker å lese også for andre målgrupper enn dei har lese for til no og ein ønsker å prøve ut Shared Reading «rundt bålet». Her er stikkord frå nokre av svara:

- ønsker å få til å starte opp i tida framover
- teste det ut i privat samanheng
- håpar å bli invitert til å halde lesestunder
- shared reading saman med yoga, mindfulness og skriving
- drive med shared reading som frivillig, nokre har allereie oppdrag på bibliotek
- teste ut shared reading i skolen
- tilby lesestunder til senioruniversitetet og frivilligsentralen
- bruke det meir i undervisninga i skolen og i forskning
- samarbeider med andre leseleiarar lokalt
- bruke metoden for å gjere litteratur tilgjengeleg for personar med sosiale utfordringar
- både halde og delta sjølv så ofte eg kan! Eg elsker det!
- starte opp med lesestunder for heimebuande eldre, som del av jobben som diakon
- for eldre med kognitiv svikt
- i vidaregåande skolar, for elevar som fell utanfor – lesestund i staden for å få fråvær
- prøve å få samarbeid mellom bibliotek og frivillige, lesestunder utanom vanleg arbeidstid
- på festival
- i samarbeid med koordinator på helsehuset i kommunen
- faste lesestunder for studentane ein gong i månaden i samarbeid med andre
- tilbod til studieretningar som kan ha spesielt nytte av eit slikt verktøy som metoden er
- meir forskning i ulike kontekstar
- utvikle eit tilbod i ein samisk kontekst
- ha shared reading som valfag i skolen
- bruke shared reading i arbeid med det psykososiale klimaet i skolen
- skrive masteroppgåve om shared reading som metode i arbeid med psykisk helse og psykososiale fellesskap
- Skal på nytt kurs for å friske opp kunnskapen siden jeg aldri kom igang. Gleder meg!

## Hjelp frå fylkeskommunane

### Spørsmål

*Kva ønsker du å få hjelp til frå oss i fylkeskommunane?*

Det er heilt klart av svara på dette spørsmålet at den digitale oppfølginga vi har hatt i prosjektet med forum for leseleiarar er noko dei ønsker seg også vidare. Nyheitsbrev og seminar eller «samlingar som kan inspirere, vidareutvikle eller trygge leseleiarane i det dei gjer og kan gjere» og tiltak som bidrar til å bevare fellesskapet. Det å ha nokon å kontakte enkelt når ein treng hjelp er også ønskt. Det blir sett pris på å kunne dele erfaringar med andre leseleiarar, også med dei som er i same kommune eller området.

Shared Reading-grupper på Facebook blir framheva som viktige for å finne tekstar og til å halde kunnskapen frå leseleiar kursen ved like. Nokre ønsker seg ein tekstbank, fleire tekstsamlingar med meir variasjon, gjerne noko meir humor, livsbejaande og oppløftande, gode noveller og fortellingar, og til andre målgrupper, som ungdom. Ein foreslår kurs der tema er Shared Reading for ungdom og ein annan eit oppfriskingskurs.

Marknadsføringsmateriell for å lettare rekruttere deltakarar til lesestundene, og hjelp til å beskrive og marknadsføre arrangement slik at folk forstår kva det er. Nokre ønsker seg nyheitsbrev og ein organisasjon. Midlar til små honorar til leseleiarane meiner ein at vil føre til meir aktivitet. Ein ønsker hjelp til å få til forskingssamarbeid. Ein ønsker å få hjelp til å finne eigna lokale.

Ein leseleiar skriv at vedkomande ønsker at fylkeskommunen skal «være en brobygger for hvordan jeg kan lønne meg selv i den jobben jeg gjør som leseleder. Hjelp meg med å finne og åpne økonomiske pengesekker som gjør at jeg kan være en profesjonell leseleder, som et yrke. Det finnes økonomiske midler der ute (folkehelsemidler, Helsedirektoratet ulike stiftelser etc), men det er ofte ikke mulig å søke på disse som privat næringsdrivende, som jeg er.» Ein annan treng «et samarbeid med fylkeskommunen der dere kan stå som søker av prosjekt og jeg som gjennomfører av lesestundene ute i feltet.»

Ein skriv at det er «fint med den oppfølgingen vi har fått til nå, holder oss varme og senker terskelen for å bruke metoden fremover».

Noko meir?

### Spørsmål

*Er det noko meir du vil fortelje oss?*

Her er svara:

- Tusen takk for eit flott kurs og opplegg.
- Takk for at jeg fikk delta på kurs (selv om det begynner å bli en stund siden) og takk for oppfølgingen!
- veldig glad for å ha fått være med på kurset og prosjektet, det har tilført jobben min noe veldig positivt.
- Kurset med Kari Hortman og Kirsten Muhle var helt fantastisk. Det var veldig lett å underveis oppleve det vi forhåpentligvis skal kunne bringe vidare som leseledere.
- Eg er så takksam for at eg vart sertifisert leseleiar. Det har gitt mykje meining, godt samvær, kjekke/utfordrande/inspirerande samtalar. Eigentleg har det heva livskvaliteten, og bidratt med tilfrisking etter år med sjukdom - uvurderlege erfaringar. Eg plar bruka mannen min som prøvekanin, og det har gitt oss ein ny type samtalar. Takk!!
- Er glad jeg tok kurset!
- Kurset for min del, var såpass mektig at det har forandret måten jeg leser på. Selv bøker, stresser jeg ikke gjennom lenger. Litteraturen som før var fin, er nå strålende. Et utrolig informativt kurs som vekker både fantasi, følelser og observasjon.
- Takk for metoden!
- veldig bra opplegg som stimulerer til refleksjon over eget liv, samfunnsspørsmål mm
- Takk for intro til eit strålende måte å oppleve litteratur i fellesskap med andre menneske
- Fortset det gode arbeidet:)
- Synes det er fint å være med på zoom-treffene for leseledere, men har ikke alltid anledning, og noen ganger er jeg bare med og lytter. Det er givende uansett. Dere har bygget opp en god organisering gjennom prosjektet. Viktig å holde nettverket ved like og videreføre det gode arbeidet.
- Veldig bra prosjekt. Kjempebra kurs. Oppfølginga etterpå med nettmøter og samling i Trondheim, har vært veldig inspirerende.
- Eg er veldig glad for at eg fekk være med på kurs og lære om Shared Reading!
- Tusen takk for kurset, det var svært bra og givande.
- Takk for initiativet de har teke i denne samanheng!
- Skulle så gjerne lest meir. Må tenkje grundig på kvar hen som kan vere aktuelt.
- Bøker jeg leser mye fra er det historielaget som har skrevet, og gir ut hvert år.
- Jeg opplever at lesestundene er veldig populære hos de som kommer, og mange har deltatt flere ganger. Den største utfordringen er kanskje å formidle hva det er for noe, slik at folk møter opp i utgangspunktet.
- Er så glad jeg fikk tatt leselederkurset, og også at jeg deltok på inspirasjonssamling i Trondheim. Fantastisk flinke folk som står bak et flott tilbud. Selv om jeg ikke er kommet i gang, har det gitt meg både inspirasjon og motivasjon til å forsøke å nå ut til flere med litteratur, på en annen måte enn jeg gjør i det daglige. Kurset har tydelig vist litteraturens kraft!
- Glad jeg fikk mulighet til å både å lære og nå praktisere Shared reading.

- takk for alle zoom stunder som inspirerer og holder interesse ved live
- Målet mitt er å invitere flere friske og raske hjem til Shared reading, men vi får se.
- Dette har vore eit veldig fint verktøy å bruke i jobben min. Har hatt masse glede og nytte av kurset eg tok i Shared reading hausten 2020. Veldig godt tiltak som eg håpar veks vidare sjølv etter prosjektperioden! Godt jobba av gjengen som har hatt ansvaret for det! :-)
- Bruker det i samiske familier.
- Bra opplegg, bør fortsettes med!
- Det er vanskeleg å finne fram til lyse tekster til lesestunda.
- Shared Reading er komen for å bli!
- Drømmer om å skape et The Readersted i Trondheim ✨😊
- Eg er veldig glad for at eg vart med kurset om Shared reading.
- Var veldig fornøyd med kurset. Det gav et stort løft inn i mitt liv. Er svært takknemlig for det.
- Jeg gjemmer foreløpig på opplevelsen med lesestundkurset som en liten skatt, som jeg skal gi videre så fort jeg har anledning 😊
- Bare et ord:TAKK
- Bra opplegg og flink kurshaldar :)
- Har også brukt Shared Reading for fremmedspråklige som kan svært lite norsk. Da har jeg brukt billedbøker med lite tekst, og brukt både tekst og bilde i samtalene. Det har fungert veldig bra.
- Kurset var kanskje ikke helt rett ift bruken i skolen, men et veldig flott påfyll i egenutvikling.
- TTT. Ting - Tar- Tid og lengre tid jo lengre man venter etter kurset - før man kommer i gang.
- Hadde vært topp med et kurs til, bare fordi det var så gøy!
- Eg er glad for at eg fekk lære metoden.
- Det har vært godt å registrere at Shared Reading stadig blir mer utbredt i hele landet! Bra jobba!
- Stundene jeg har hatt med demente og eldre har jeg fått mest ut av. Dette har virkelig vært øyeblikk jeg tar med meg for resten av livet. Takknemlig for at jeg turte å bli med på kurset å fortsette løpet fullt ut videre på med egne stunder på ulike steder.
- Jeg har tatt i bruk metoden i forbindelse med undervisning i norskfaget.
- Vi er takknemlig for å ha Litterært pusterom hos oss.

#### 4. Informasjon om prosjektet på Trøndelag fylkesbibliotek si nettside

[På Trøndelag fylkesbibliotek si nettside finn du prosjektbeskriving, sluttrapport og andre rapportar.](#)

Ålesund, 31.03.2023

#### **Åshild Widerøe**

prosjektmedarbeidar Litterære pusterom – Shared Reading for større livskvalitet  
rådgivar litteraturformidling og språk, kulturavdelinga – seksjon for arkiv, bibliotek og museum  
Møre og Romsdal fylkeskommune